

31.01.2022

Eksingedalen/Vaksdal bondelag
v/Lars Bjarte Nesheim
Eksingedalsvegen 2601
5728 EIDSLANDET

Norges Vassdrag og Energidirektorat (NVE)
Postboks 5091
Majorstua
0301 OSLO

FRÅSEGN FRÅ EKSINGEDALEN / VAKSDAL BONDELAG –
REVISJONSDOKUEMNT FOR EVANGER KRAFTVERK –
EKSINGEDALSVASSDRAGET OG TEIGDALSVASSDRAGET

ORIENTERING

NVE har sendt ut ”Høyring av revisjonsdokument for Evanger kraftverk - Eksingedalsvassdraget og Teigdalsvassdraget i Vaksdal og Vik kommunar, samt Voss herad” <https://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/a3f07b45-006b-46d2-a8ca-292e6396592e/201201010/3424085>). Bondelaget står på adresselista. Saken er ført vidare til Eksingedalen/Vaksdal bondelag og sender difor ei høyringsuttale frå vår ståstad.

Revisjonsdokumentet skildrer i kapittel 3.9 landbruk langs Ekso. E/V bondelag ser denne revisjonen som mykje meir aktuell for landbruket enn ei halv side landbruksstrukturskildding i revisjonsdokumentet.

Punkt 01 – PERSPEKTIVER

Verdiskapinga i Eksingedalsvassdraget er særdeles høgt og der vert produsert 1347 GWh / år på Evanger kraftverk og 307 GWh/år på Myster kraftverk. Vasskrafta har levert store inntekter for kraftselskapet. Utbytte kjem årleg eigarane til gode, og pengane vert forklart at går vidare til samfunnsnyttige formål gjennom kommunane. No er dette endra. BKK har allereie seld unna fleire kraftverk, dømevis Tverrgjuvlo kraftverk i Teigdalen, som vart seld til Småkraft As og vidare eigd av ACEH Norway 1.B.V. (53%) , eit ingen i området har høyrd om elle kan noko om. Me som bur i området kan ikkje lenger stola på at BKK anno 2022 ivaretar verdier og fokus som dei tidlegare har hatt. Difor må denne revisjonen i sterk grad redusere konsesjonæren sine synspunkt i denne saken.

Etter at Evanger kraftverk opna har me fasiten. Innbyggjarane i Eksingedalen sit att med med eit regulert vassdrag som gjev storsamfunnet svært store gevinster i form av utbytte, skatteinntekter og tilgang på straum. Lokalt ser det likevel slikt ut:

- Ein veg i elendig forfatning, heile Eksingedalen, bortsett frå nyare vegsnutt på Trefall.
- Ingen tunnel gjennom Nesheimsfjellet.
- Grunneigaravtalane var forskjellige. Fleire gardsbruk har berre frikraft til å dekke ein liten og ingenting av straumforbruket for ein bustad, ei løe med fjøs og eit kårhus. Fallrettavtalane ville truleg ikkje sett ut i dag som dei vart ført i pennen.
- Infrastrukturen på straumnett er sprengt.
- Trefallvatnet er fullt med slam.
- Her er ikkje velferdsgoder symjebasseng eller idrettshall.

Orden på desse punkta ville hatt svært stor samfunnsmessig verdi.

Pengeummane / verdiane som er tatt ut i forhold til kva som er lagt att frå oppstarten og fram til i dag rimer ikkje i dei heile, og ein kan med rette stille spørsmål med arbeidet og vurderinger som vart gjort attende i historien, både etisk og juridisk. Eksingedalen/Vaksdal bondelag ser fram til at perspektivargumenter veg tyngre denne gongen, og at NVE også legg slike argument med i revisjonsvilkåra. Det er lenge til neste revisjon. Bondelaget forventer også at konsesjonæren vert pålagt ei framoverlent haldning til å oppfylle krav og plikter, og at dei skjer utan at ein lyt søkje, spørje, grave og etterlyse. Revisjonen som no vert gjennomført skal sjå tilbake for å danne kunnskap for tida framover.

Punkt 02 – VEGAR

Revisjonsdokumentet omtaler "infrastruktur" beskjedent i kapittel 3,6 og forklarar korleis vegane er teikna inn på kartet. E/V bondelag ynskjer supplere.

Bønder i Eksingedalen køyrer på vegane her dagleg med traktor. Anten må sjåføren redusere farten ned til 4 km/t over humpane, eller så må ein køyre full fart! Dersom ein er uheldig å kome på halvdistanse, ca 25 km/t, ja då bykser maskineriet så pass at ein verkeleg må halde seg fast. Me snakker ikkje om dårlege vegar, men svært, svært elendige vegar med dårleg grunn, telehiv, for smalt for landbruksredskap (3,25m), farlege passasjer, mangel på rekkverk, ingen tunneler, med vidare.

I vilkår 11 i reguleringsstillinga står det: "Konsesjonæren er forpliktet til å erstatta utgiftene til vedlikehold og istandsettelse av offentlege vegar, bruer og kaier, hvor disse utgifter er blir særlig øket ved anleggsarbeidet"

BKK/konsesjonær har nytta denne vegen i alle år med biler i alle storleiker og har i høg grad hatt nytte og innvirkning på både denne vegen og infrastruktur i Eksingedalen. Vegen over Nesheimsfjellet vart til under utbygginga, og det var ei alvorleg feilvurdering frå BKK og andre beslutningshavere å ikkje tvinge gjennom tunnel på den tida. Denne feilvurderinga må innrømmast og rettast opp i snarast. Korrelasjonen mellom infrastruktur og kraftutbygging er tydeleg. Eksingedalen/Vaksdal bondelag meiner det sjølvsgd må stillast krav til fornying av veg i Eksingedalen dersom konsesjonæren skal fortsetje å bruke infrastrukturen. Korleis BKK/konsesjonær ser for seg løysinga vår være deira sak, men eit spleiselag ser E/V bondelag som ei god løysing.

Punkt 03 – MINSTEVASSFØRING

Der er ikkje spesifisert minstevassføring i opprinneleg konsesjon. Eksingedalen/Vaksdal bondelag meiner vassføringa sumaren 2021 var svært låg over ein lang periode. Ekso såg ut som ein bekk i 3 månader og fylgjeleg ekstra tilgroing. Difor meiner me at det bør være minstevassføring i Ekso og at revisjonen må finne ei ordning som gjev minstevassføring ved behov.

Punkt 04 – SLÅTT AV FLOTGRAS OG KRYPSIV – FJERNING AV FLYTANDE MOSE
Eksingedalen/Vaksdal bondelag ynskjer at det vert lytta til rådgjevande biologer for å gjere effektive tiltak mot flotgras og krypsiv. E/V bondelag ynskjer også velkomen tiltak som mekanisk fjerner flytande gras/mose. Nesheimvatnet har dømevis rask som flyt i overflata og gjer det utfordrande å ro/fiske.

Punkt 05 – KALKING

Kalking er eit viktig grep for å hindre vassdraget i å verte forsura. Nedanfor Høvik er der pr i dag eit kalkanlegg som skal sørge for mindre enn 6 i pH, slik at laksen overlever. E/V bondelag meiner å ha eit svært godt forslag til tilføring av kalk i vassdraget frå Høvik og oppover. Området har ca 2400 daa fulldyrka jord og 500 daa overflatedyrka jord. Årleg tilrådd kalkmengd er 100 kg/daa, og det er eit samla behov på ca 290 tonn kalk pr år. Forslaget går ut på og ikkje anleggje nytt kalkanlegg, men nytte eksisterande ressurser og innmark i Eksingedalen:

BKK sørger årleg for kalk og koster transport av kalk opp til grunneigarar som har/disponerer dyrka mark. Smartaste måte er å levere kalk med Båt på Eidslandet og frakte den vidare deretter. Når kalken er på kvar eigendom må kvar disponent innmarka sjølv spreie den utover jordet. Denne forma for kalking ha ei virkning over lang tid, på grunn av at kalken vert liggjande på jorda, og det vil koma avrenning litt etter litt. Verknaden er positiv for vassdraget. Kalken vil binde opp næringsstoffa på landbruksjorda slik at det vert mindre avrenning i vassdraget. Det som likevel vert avrenning vil gi vassdraget høgare pH og vidare mindre attgroing med flotgras (side 80 i revisjonsdokumentet).

Vassføringa i Ekso er halvert i høve før utbygginga. Mindre vassføring og terskler gjer at vannutskiftinga går saktare enn før utbygginga. Mindre utskifting medfylgjer at konsentrasjonen av næringsstoff vert større. Kalktilsig i elva vil difor være fordelaktig.

I tillegg ynskjer Eksingedalen/Vaksdal bondelag at det vert utført kalking på forsura vatn/terskler i elva, på ettervintaren, medan vatna framleis er islagte. Spreiing av kalk over vatna kan føregå med kalkspreiar. Då vil kalken sige ned i vatna etter isløysing og legge seg lagvis over vatnet. Kalkverknaden koma umiddelbart etter isløysing, og ein får spreidd på ein effektiv og presis måte. Dette arbeidet kan utførast lokalt.

Punkt 06 – FISKEN

Heile Ekso har brunaure i elva, og slik skal det også være i framtida.

Eksingedalen/Vaksdal bondelag meiner at BKK lyt ha god kvalitet på utføringa av plikter og oppgåver dei er pålagde i henhold til konsesjonen.

Bondelaget har fylgjande konkrete forslag til konsisjonen:

- Fiskeutsetjing
- Forhøging av dyrka mark
- Kultivering

Punkt 07 – MUDDING

Trefallvatnet er fullt av slam. Naturleg nok, i og med at Trefallvatnet er det fyrste store vatnet elva renner ut i frå vassmagasina. Slammet er direkte avsetninger frå anlegget og må fjernast for å få vatnet friskt att. For å få bukt med problemet må slammet fjernast mekanisk. Konsesjonær burde vore på bana for svært mange år sidan og gjort tiltak. Dei er år for seint ute. Dette punktet skulle berre mangle og handler om å rydde opp etter seg. Argumenter om at kostnaden er større en samfunnmessig nytte er i dette høvet, og liknande dømer, skivebom. Utan å ha rekna på det ser me for oss at egenkapitalrentabiliteten til konsesjonær vert ubetydleg påverka av å ordne opp i Trefallvatnet.

Punkt 08 – TERSKLER

Eksingedalen/Vaksdal bondelag ser på justerbare tersker som gode tiltak for å redusere flaum på innmark.

Punkt 09 – PROAKTIVITET

I Holmane nedafor Flatekval fossen er slåtteteigane snart ikkje køyrbare. Grunna mindre vassgjennomstrøyming og at Nesevatnet står høgare i dag enn tidlagare tar vatnet nye vegar. Her må vassvegane gravast opp att. Her føreligg det pålegg frå NVE. Men sjølv med pålegg trenerer BKK arbeidet ut i tid.

Ideelt sett burde konsesjonær må vise proaktivitet i forhold til denne og liknande type probelmstillingar. Historien vitner om at konsesjonær i vilkårsrevisjoenn må påleggast proaktivitet i slike saker.

Punkt 10 – SAMFUNNSANSVAR

E/V Bondelag innrømmer på alle måter at utbygging av vassdrag har samfunnmessige fordeler.

Me ynskjer like fullt at Eksingedalen også får ta del i nokre av desse fordelane, og ikkje berre ulempene.

Tiltaka over gagnar allmenn ferdsel og bruk av vassdraget, samt infrastruktur til bebuarar, bønder, hyttefolk og ikkje minst konsesjonæren sjølv! E/V bondelag meiner også det er samfunnmessig nytte av å halde vassdraget i best mogeleg stand.

E/V bondelag ser det også som sjølvsgad at konsesjonæren ser samfunnmessig nytte av tiltaka, og ikkje minst at vassdraget er i best mogeleg stand. Såleis har alle parter felles interesser og det burde være eit svært godt utgangspunkt for NVE for denne revisjonen.

Mvh styret i Eksingedalen/Vaksdal bondelag

v/



Lars Bjarte Nesheim – leiar

Elisabeth Vik Hesjedal - nestleiar

Dan Børge Høvik – styremedlem

Evelyn Gullbrå - styremedlem

Sondre Tesdal Rødland - styremedlem